

Årsmelding for FIVH Trondheim lokallag

06.2025–02.2026

Årsmøtet i juni 2025 vedtok å flytta årsmøta til lokallaget frå juni til februar. Det gjorde at styreperioden dekkja av denne årsmeldinga vart noko kortare enn normalt. Neste årsmelding vil då dekkja perioden 02.2026–02.2027 slik at me er i vanleg gjenge att.

Styret

Styret i lokallaget har denne perioden bestått av:
Sveinung Søyland Moen, leiar og fungerande økonomiansvarleg
Maria Steigen, nestleiar
Morten Lind, styremedlem
Hans Hagen, styremedlem

Styret har hatt sju møte i perioden, dei fleste arrangert som opne temamøte for medlemmane.

Eigne arrangement

Me starta hausten med «kick off» 19. august saman med regionkontoret til FIVH og studentlaget. Målet var å nå nye aktive og fortelja litt om planane våre framover.

Gjennom hausten har me hatt fleire opne møte med ulike tema. Først hadde me eit møte om grøne tips i kvardagen. Målet var å spreia informasjon om «[Grøn guide](#)» som FIVH Trondheim studentlag driftar, men me fekk også nye tips frå medlemmane som møtte. Det neste møtet vårt var med Lamo Marked, der me fekk høyra litt om korleis dei jobbar for godt bymiljø i bydel Lademoen. Dette var inspirerende og me avtalte at det neste opne møtet vårt skulle vera hos dei. Det tredje møtet vårt vart då i Mellomveien 24, men med innleiar frå det relativt nyoppstarta Smultringøkonomi Trondheim. Dette vart også eit svært interessant møte og me planlegg nye samarbeid med både Lamo Marked og Smultringøkonomi Trondheim i 2026.

Etter nyttår har me også hatt to opne møte. På det første møtet fekk me digitalt besøk av Torje Hausvik Olsen frå hovudkontoret til FIVH, der temaet var politisk påverknad fram mot lokalvalet i 2027. Det andre møtet handla om å få på plass utkast til årshjul som kunne presenterast på årsmøtet. Årshjulet inneheld arrangement me ønskjer å gjennomføra i 2026 og skal hjelpa oss til meir langsiktig planlegging.

For å prøva å nå fleire aktive, har me også prioritert nokre arrangement som først og fremst har vore sosiale. Det største var eit besøk på Voll gård samdyrkelag. Der samla me 10 medlemmar til omvising på garden og innhausting av nokre råvarer, før me laga og åt vegetarmiddag saman. Dette var ei svært triveleg samling og me planlegg eit nytt gardsbesøk i 2026. På tampen av året arrangerte me også juleavslutning for medlemmane våre, der me også snakka litt om kva me ønskte å gjera på nyåret.

Det har tidlegare vore tradisjon for å arrangera eit julebord for styret som takk for innsatsen. Det er no mange år sidan sist, men i februar 2026 fekk me i staden samla styret til ein årsmiddag. Der takka me kvarandre for godt samarbeid det siste året og snakka litt om vegen framover.

Samarbeid og nettverksbygging

I starten av hausten hadde me stand på Trondheim Green Fest, der målet var å nå ut til nokre nye medlemmar. Dette var ei fin oppleving og me hadde mange gode samtalar med interesserte desse dagane, trass variert vêr.

Men det store samarbeidsprosjektet denne hausten var «Naturligvis – natur- og klimafestival i Trondheim». Lokallaget var ein av hovudarrangørane for festivalen, saman med Naturvernforbundet, Spire, FIVH Trondheim studentlag og Besteforeldrenes klimaaksjon. I tillegg til hovudarrangørane deltok også mange andre organisasjonar frå Trøndersk natur- og klimaallianse med arrangement gjennom veka. Festivalen samla totalt 1400 deltakarar fordelt på 26 arrangement gjennom veka. Festivalen hadde som mål å løfta klima- og miljøspørsmål fram mot valdagen. Sjå fullt program for festivalen her:

<https://naturogklimafestivalenitrondheim.no/#program>. Lokallaget hadde representant i arbeidsgruppa til festivalen og bidrog totalt med ca. 2 vekeverk inn i arbeidet. I tillegg gjennomførte laget saman med Spire arrangementet «Makt og matsystemet. Hvem har makt i matsystemet?». Laget var også medarrangør av politikardebatten under festivalen.

Lokallaget har vidare vore representert på alle møta til Trøndersk natur- og klimaallianse gjennom hausten og opplever det som eit nyttig samarbeidsforum for miljøørsla i Trondheim. Me har også deltatt på natur- og klimafestane til alliansen, og i januar 2026 var me medarrangør for denne festen saman med Spire.

Landsmøtet og andre FIVH-samlingar

Gjennom året arrangerer FIVH nasjonalt ulike samlingar som me også prøver å få deltatt på.

Den største av desse samlingane er landsmøtet som i 2025 vart halde på Sørmarka Konferansehotell 7.–9. november. Trondheim lokallag sende då berre ein representant, men håpar å fylla kvoten på fire representantar att i 2026. Under landsmøtet vart Trondheim lokallag nominert som ein av tre til årets lokallag. Me vann ikkje i denne omgang, men styret var samde om at det var svært inspirerande å verta nominert. Under landsmøtet vart Sveinung Søyland Moen valt som vara til hovudstyret for Framtiden i våre hender. Trondheim lokallag fortsett då trenden med representasjon i hovudstyret, etter at lokallagsmedlem Laure Pascual no gjekk ut av styret der ho har sete i to periodar som vara. I etterkant av landsmøtet hadde me også eit møte i lokallaget der me oppdaterte medlemmane våre på dei viktigaste sakene frå landsmøtet.

Lokallaget var også representert på lokallagsleiarsamling på hovudkontoret i Oslo 6.–7. september. Her møttest lokallagsleiarar frå heile landet for erfaringsutveksling og fagleg påfyll.

Økonomi

Laget hadde i 2025 inntekter på kr. 35 223,64 og utgifter på kr. 28 609,78. Dette gav eit overskot på kr. 6 613,86. Eigenkapitalen til laget er per 31.12.25 på kr. 80 049,17.

Oppsummering

Styret er jamt over nøgd med aktiviteten i laget denne perioden, men håpar å kunna involvera fleire aktive i lokallaget framover slik at det vert lettare å arrangera større arrangement. Samarbeid med andre organisasjonar har også vore svært positivt og er noko me ønskjer å vidareføra i 2026.

Sveinung Søyland Moen, februar 2026